



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 21/808
ArkivID: K1-141, PLANID-202102
Saksbehandlar: Tone Snortheim

Saksnr.	Utval	Møtedato
23/26	Kommunestyret	26.03.2026

Kommuneplanens arealdel for Øystre Slidre kommune 2026 - 2038 - Vedtak

Vedlegg:

19.03.2026	1. Føresegner og retningslinjer	305782
19.03.2026	2. Planomtale	305783
19.03.2026	3. Heilskapleg KU	305785
19.03.2026	4. Konsekvensutgreiing av arealbruksendringar	305786
19.03.2026	5. ROS-analyse	305787
23.03.2026	Tilleggsopplysningar til sak om revidering av arealdelen av kommuneplanen (2026-2038)	305771
18.12.2025	Vurdering av motsegn - Øystre Slidre - kommuneplan - arealdelen - 2025 - 2037	298977
12.01.2026	Motsegn på resipientkapasitet – drøftingsgrunnlag for møte 15. januar	299672
09.02.2026	Oppfølging av motsegn innan avløp og verknader på resipientar	302290
09.02.2026	Signert innspill	302480
23.03.2026	Vurdering av motsegn - Øystre Slidre - kommuneplan - arealdelen - 2025 - 2037	307099
25.03.2026	Størtjednlieheisen KPA	307469
25.03.2026	Notat til kommunestyre om mekling	307609

Tilråding

Kommunestyret vedtek arealdelen av kommuneplanen 2026-2038 med tilhøyrande plankart, føresegner og retningslinjer. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova §11-15. Planen vert kunngjort, og trer i kraft frå kunngjeringsdato.

Bakgrunn for saka

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) blir revidert med jamne mellomrom for å halde planen oppdatert etter nye nasjonale og regionale retningslinjer eller nye politiske ynskjer for arealbruk, utvikling av næring m.m.

Vi har i samband med denne revideringa slått saman kommunedelplanane for Beitostølenområdet og Gravfjellet med resten av kommunen til ein felles kommuneplan. Bakgrunnen for revidering av KPA er m.a. arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), slik at arealforvaltning i kommunen skjer i tråd med mål og føringar i samfunnsdelen.

Hovudlinjene i arealpolitikken i Øystre Slidre er tufta på visjonen til kommunen om rein naturglede og på måla i samfunnsdelen om ein vekst i tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar på minst 1 % årleg og ei dobling av tal gjestedøgn. For å oppnå dette vil vi i arealpolitikken:

- Sikre tilstrekkeleg areal for næringsføremål og bustadføremål i heile kommunen
- Styrke Heggenes som kommunesenter og dei urbane kvalitetane i sentrum av Beitostølen
- Vere godt tilrettelagd for alle, uavhengig av funksjonsnivå
- Stille tydlegare miljø- og klimakrav til nye område som skal byggast ut
- Fortette i allereie bebygde område for å redusere behovet for å ta i bruk nytt utbyggingsareal
- Etablere ei utbyggingsgrense som går gjennom heile kommunen, der det ikkje vert opna for større utbyggingar utanfor denne grensa
- Ta ut utbyggingsområde for fritidsbustader frå eksisterande kommuneplan(delplanar) og tilbakeføre dette til LNF-område.

Prosess

Formannskapet vedtok den 21.10.2021 oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, etter plan- og bygningsloven §11-12, og opna samtidig for innspel til kommuneplanen sin arealdel, med frist 1.februar 2022. Planprogrammet vart etter §11-13 lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist for uttale 5. januar 2022. Planprogrammet til arealdelen vart fastsett i Øystre Slidre kommunestyre 17.02.2022 (11/22).

Det kom inn totalt 105 innspel frå våren 2021 til februar 2022. 62 av desse gjekk på arealbruksendringar. Kommuneadministrasjonen vurderte innspela etter kriteria i planprogrammet fram til mars 2022. For dei innspel som administrasjonen då tilrådde å ta med i det vidare planarbeidet blei forslagsstillar bedt om å lage ei konsekvensutgreiing med frist tilbake til kommunen 1.mai 2022.

I juni 2023 blei innspela vurdert av formannskapet (sak 40/23). Og med heimel i plan og bygningsloven § 11-14 la kommunestyret i møte 15.02.24, sak 09/24, forslag til ny arealdel av kommuneplan 2024-2036 for Øystre Slidre kommune ut på høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 1. mai 2024. I høyringsperioden kom det i alt 124 innspel. Frå offentlege myndigheiter kom det også motsegn knytt til noko av innhaldet i planen.

Hausten 2024 blei innspela vurdert av formannskapet (sak 49/24). Og med heimel i plan og bygningsloven § 11-14 vedtok kommunestyret i møte 19.12.24, sak 87/24, å legge forslag til ny arealdel av kommuneplan 2025-2037 for Øystre Slidre kommune ut på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 24. februar 2025.

I samband med 2. gongs høyring fekk vi motsegn til planen frå Statsforvaltaren Innlandet og Mattilsynet. For å løyse motsegnene har administrasjonen vore i dialog med både Statsforvaltar og Mattilsynet for å forsøke å finne akseptable løysingar. Administrasjonen har vurdert at dei føreslåtte endringane for å løyse motsegnene burde høyrast. Og dei vart lagt ut på høyring 07.07.2025, med frist 20.09.2025. Dette var ein avgrensa høyring som kun gjaldt dei tema som vart høyrst. Det kom inn 9 innspel i den høyringsperioden.

Den 23.10.2025 i formannskapssak 50/25 vart dei siste innspela handsama og formannskapet slutta seg til dei tilrådingane kommunedirektøren har gjort i vedlagt notat og ber kommunedirektøren legge dette til grunn for slutthandsaminga av arealplanen.

Statlege motsegn

Kommuneplanens arealdel har vore gjennom 2. og 3. gongs høyring. Det har kome fleire motsegner frå statlege og regionale myndigheiter knytt til naturmangfald, vassforvaltning, jordvern og teknisk infrastruktur. Kommunen har gjort endringar i plankart, føresegner og planomtale for å imøtekomme motsegnene. Endringane sikrar betre ivaretaking av naturmangfald, vassressursar og jordvern, samt presisering av krav til infrastruktur og spreidd avløp.

Arealbruk i konflikt med viktig naturmangfald:

Motsegn: Område med verdifulle naturtyper (kalkbjørkeskog, naturbeitemark, rik boreal lauvskog, gransumpskog).

Løysing:

- Stølslien 4, Lykkja, Grønolslie: teke ut av KPA.
- Grønolen: næringsareal redusert for å unngå naturbeitemark.
- Beitostølen Sentrum 1: krav om kartlegging og avbøtande tiltak i reguleringsplan.
- Rogne (B-145-45 og B-51-20): konfliktareal teke ut.
- Mørken (I-43 og I-51): store delar av konfliktareal teke ut.

Arealbruk der verknader for naturmangfald ikkje er kartlagt

Motsegn: Manglande naturkartlegging.

Løysing:

- Rolistølen: redusert storleik.
- Robøle: område teke ut.
- Skistadion–Garli: fleirbrukstrasé teke ut av kart, regulering via føresegn.
- Mellsenn VBA og Nerreføss RA: krav om naturkartlegging i reguleringsplan.

Vassforvaltning

Motsegn: Manglande byggeforbodssone, spreidd avløp, vurderingar etter vassforskrifta, kapasitet i VA-anlegg.

Løysing:

- Byggeforbodssoner lagt inn (100 m og 50 m) og føresegn oppdatert.
- Føresegn om spreidd avløp og planomtale oppdatert.
- Motsegn om Beito RA trekt (juridisk grunnlag).
- Nerreføss: Ikkje løyst – Rapport om resipientvurdering kjem fredag 21.11.2025. Administrasjonen vil gå i dialog med Statsforvaltaren i Innlandet så fort rapporten ligg føre med sikte på å løyse motsegna.

Sikring av drikkevatt

Motsegn: Manglande farevurdering og sikringssoner.

Løysing:

- Farevurdering gjennomført.
- Utvida sikringssoner og skjerpa føresegn.

Kommentar: Administrasjonen er i dialog med Mattilsynet kring eventuell justering av føresegn. Eventuelle endringar vert klare før kommunestyre 18.12.2025.

Jordvern

Motsegn: Sentrumsføremaal på dyrka mark (Furustrand).

Løysing:

- Tilbakeført dyrka mark til LNFR andre stader i kommunen.

Plandokumenta

Planføresegner: Planføresegnene er eit juridisk bindande dokument som omtalar reglane og retningslinjene for arealbruk i kommunen. Dette dokumentet vil ligge til grunn for handsaming av framtidige reguleringsplanar og byggesaker m.m. Føresegnene fastset til dømes reguleringsplankrav, innhald i utbyggingsavtaler, krav til vatn og avløp, rekkefølgekrav, byggegrenser, klima og miljø og omsynssoner, jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 11-11. Reguleringsplanar som blir vedtekne etter at kommuneplanen er vedteken vil gjelde framfor kommuneplanen, jf. pbl. § 1-5 andre ledd.

Plankart:

Lenke til plankart:

<https://oeystreslidre.kommunegis.no/>

Planomtale: Dette dokumentet viser hovudlinene i forslaget til KPA og er forklarande tekst til føresegner og retningslinjer og plankartet. Dokumentet er meir «lesarvenleg» enn føresegner/retningslinjer/plankart.

Konsekvensutgreiing: Dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging eller endra arealbruk skal konsekvensutgreiast, jf. plan- og bygningslova § 4-2. Alle framlegg til nye område som er teke inn i planen er konsekvensutgreidd i eige dokument. I tillegg er det laga ei samla konsekvensutgreiing (heilskapleg KU).

ROS: Framlegg til arealbruksendringar er risiko- og sårbarheitsvurdert (ROS) i eige vedlegg.

Dokumenta som ligg til grunn for plandokument finn du her:

[Arkivsak 21/808 - Revisjon av arealdelen til kommuneplanen 2024-2037 - KPA - Øystre Slidre kommune](#)

Bakgrunn for saka

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) blir revidert med jamne mellomrom for å halde planen oppdatert etter nye nasjonale og regionale retningslinjer eller nye politiske ynskjer for arealbruk, utvikling av næring m.m.

Vi har i samband med denne revideringa slått saman kommunedelplanane for Beitostølenområdet og Gravfjellet med resten av kommunen til ein felles kommuneplan. Bakgrunnen for revidering av KPA er m.a. arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), slik at arealforvaltning i kommunen skjer i tråd med mål og føringar i samfunnsdelen.

Hovudlinjene i arealpolitikken i Øystre Slidre er tufta på visjonen til kommunen om rein naturglede og på måla i samfunnsdelen om ein vekst i tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar på minst 1 % årleg og ei dobling av tal gjestedøgn. For å oppnå dette vil vi i arealpolitikken:

- Sikre tilstrekkeleg areal for næringsføremål og bustadføremål i heile kommunen
- Styrke Heggenes som kommunesenter og dei urbane kvalitetane i sentrum av Beitostølen
- Vere godt tilrettelagd for alle, uavhengig av funksjonsnivå
- Stille tydlegare miljø- og klimakrav til nye område som skal byggast ut
- Fortette i allereie bebygde område for å redusere behovet for å ta i bruk nytt utbyggingsareal
- Etablere ei utbyggingsgrense som går gjennom heile kommunen, der det ikkje vert opna for større utbyggingar utanfor denne grensa
- Ta ut utbyggingsområde for fritidsbustader frå eksisterande kommuneplan(delplanar) og tilbakeføre dette til LNF-område.

Prosess

Formannskapet vedtok den 21.10.2021 oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, etter plan- og bygningsloven §11-12, og opna samtidig for innspel til

kommuneplanen sin arealdel, med frist 1.februar 2022. Planprogrammet vart etter §11-13 lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist for uttale 5. januar 2022. Planprogrammet til arealdelen vart fastsett i Øystre Slidre kommunestyre 17.02.2022 (11/22).

Det kom inn totalt 105 innspel frå våren 2021 til februar 2022. 62 av desse gjekk på arealbruksendringar. Kommuneadministrasjonen vurderte innspela etter kriteria i planprogrammet fram til mars 2022. For dei innspel som administrasjonen då tilrådde å ta med i det vidare planarbeidet blei forslagsstillar bedt om å lage ei konsekvensutgreiing med frist tilbake til kommunen 1.mai 2022.

I juni 2023 blei innspela vurdert av formannskapet (sak 40/23). Og med heimel i plan og bygningsloven § 11-14 la kommunestyret i møte 15.02.24, sak 09/24, forslag til ny arealdel av kommuneplan 2024-2036 for Øystre Slidre kommune ut på høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 1. mai 2024. I høyringsperioden kom det i alt 124 innspel. Frå offentlege myndigheiter kom det også motsegn knytt til noko av innhaldet i planen.

Hausten 2024 blei innspela vurdert av formannskapet (sak 49/24). Og med heimel i plan og bygningsloven § 11-14 vedtok kommunestyret i møte 19.12.24, sak 87/24, å legge forslag til ny arealdel av kommuneplan 2025-2037 for Øystre Slidre kommune ut på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 24. februar 2025.

I samband med 2. gongs høyring fekk vi motsegn til planen frå Statsforvaltaren Innlandet og Mattilsynet. For å løyse motsegnene har administrasjonen vore i dialog med både Statsforvaltar og Mattilsynet for å forsøke å finne akseptable løysingar. Administrasjonen har vurdert at dei føreslåtte endringane for å løyse motsegnene burde høyrast. Og dei vart lagt ut på høyring 07.07.2025, med frist 20.09.2025. Dette var ein avgrensa høyring som kun gjaldt dei tema som vart høyrst. Det kom inn 9 innspel i den høyringsperioden.

Den 23.10.2025 i formannskapssak 50/25 vart dei siste innspela handsama og formannskapet slutta seg til dei tilrådingane kommunedirektøren har gjort i vedlagt notat og ber kommunedirektøren legge dette til grunn for slutthandsaminga av arealplanen.

Statlege motsegn

Kommuneplanens arealdel har vore gjennom 2. og 3. gongs høyring. Det har kome fleire motsegner frå statlege og regionale myndigheiter knytt til naturmangfald, vassforvaltning, jordvern og teknisk infrastruktur. Kommunen har gjort endringar i plankart, føresegner og planomtale for å imøtekomme motsegnene. Endringane sikrar betre ivaretaking av naturmangfald, vassressursar og jordvern, samt presisering av krav til infrastruktur og spreidd avløp.

Arealbruk i konflikt med viktig naturmangfald:

Motsegn: Område med verdifulle naturtyper (kalkbjørkeskog, naturbeitemark, rik boreal lauvskog, gransumpskog).

Løysing:

- Stølslien 4, Lykkja, Grønolslie: teke ut av KPA.
- Grønolen: næringsareal redusert for å unngå naturbeitemark.
- Beitostølen Sentrum 1: krav om kartlegging og avbøtande tiltak i reguleringsplan.
- Rogne (B-145-45 og B-51-20): konfliktareal teke ut.
- Mørken (I-43 og I-51): store delar av konfliktareal teke ut.

Arealbruk der verknader for naturmangfald ikkje er kartlagt

Motsegn: Manglande naturkartlegging.

Løysing:

- Rolistølen: redusert storleik.
- Robøle: område teke ut.
- Skistadion–Garli: fleirbrukstrasé teke ut av kart, regulering via føresegn.
- Mellsenn VBA og Nerreføss RA: krav om naturkartlegging i reguleringsplan.

Vassforvaltning

Motsegn: Manglande byggeforbodssone, spreidd avløp, vurderingar etter vassforskrifta, kapasitet i VA-anlegg.

Løysing:

- Byggeforbodssoner lagt inn (100 m og 50 m) og føresegn oppdatert.
- Føresegn om spreidd avløp og planomtale oppdatert.
- Motsegn om Beito RA trekt (juridisk grunnlag).
- Nerreføss: Ikkje løyst – Rapport om resipientvurdering kjem fredag 21.11.2025. Administrasjonen vil gå i dialog med Statsforvaltaren i Innlandet så fort rapporten ligg føre med sikte på å løyse motsegna.

Sikring av drikkevatt

Motsegn: Manglande farevurdering og sikringssoner.

Løysing:

- Farevurdering gjennomført.
- Utvida sikringssoner og skjerpa føresegn.

Kommentar: Administrasjonen er i dialog med Mattilsynet kring eventuell justering av føresegn. Eventuelle endringar vert klare før kommunestyre 18.12.2025.

Jordvern

Motsegn: Sentrumsføremål på dyrka mark (Furustrand).

Løysing:

- Tilbakeført dyrka mark til LNFR andre stader i kommunen.

Plandokumenta

Planføresegner: Planføresegnene er eit juridisk bindande dokument som omtalar reglane og retningslinjene for arealbruk i kommunen. Dette dokumentet vil ligge til grunn for handsaming av framtidige reguleringsplanar og byggesaker m.m. Føresegnene fastset til dømes reguleringsplankrav, innhald i utbyggingsavtaler, krav til vatn og avløp, rekkefølgjekrav, byggegrenser, klima og miljø og omsynssoner, jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 11-11. Reguleringsplanar som blir vedtekne etter at kommuneplanen er vedteken vil gjelde framfor kommuneplanen, jf. pbl. § 1-5 andre ledd.

Plankart:

Lenke til plankart:

<https://oeystreslidre.kommunegis.no/>

Planomtale: Dette dokumentet viser hovudlinene i forslaget til KPA og er forklarande tekst til føresegner og retningslinjer og plankartet. Dokumentet er meir «lesarvenleg» enn føresegner/retningslinjer/plankart.

Konsekvensutgreiing: Dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging eller endra arealbruk skal konsekvensutgreiast, jf. plan- og bygningslova § 4-2. Alle framlegg til nye område som er teke inn i planen er konsekvensutgreidd i eige dokument. I tillegg er det laga ei samla konsekvensutgreiing (heilskapleg KU).

ROS: Framlegg til arealbruksendringar er risiko- og sårbarheitsvurdert (ROS) i eige vedlegg.

Dokumenta som ligg til grunn for plandokument finn du her:

[Arkivsak 21/808 - Revisjon av arealdelen til kommuneplanen 2024-2037 - KPA - Øystre Slidre kommune](#)

Vurderingar

Kommuneplanen sin arealdel 2025–2037 er godt forankra i samfunnsdelen 2020–2032. Arealdelen følgjer opp visjonen «*Rein naturglede*» og dei overordna måla om folketalsvekst, auka tal deltidsinnbyggjarar og dobling av gjestedøgn innan 2035.

Planen legg til rette for:

- Bustad og næring: Tilstrekkeleg areal for bustadbygging og næringsutvikling, med vekt på fortetting og utvikling av Heggenes som kommunesenter og Beitostølen som heilårsdestinasjon.
- Klima og miljø: Grøne løysingar gjennom Klima+, krav til klimagassrekneskap, vern av karbonrike areal og tydeleg utbyggingsgrense.
- Gode lokalsamfunn: Universell utforming, offentlege uterom og tilrettelegging for aktivitet og trivsel.
- Deltidsinnbyggaren som ressurs: Strategiar for integrering og bruk av ressursane til hyttefolket.
- Næringsutvikling og innovasjon: Sikring av næringsareal, styrking av reiseliv og landbruk, og tilrettelegging for nye verksemdar.

Samla sett gir arealdelen langsiktige og føreseielege rammer for arealbruk som støttar måla i samfunnsdelen og bidreg til berekraftig utvikling av Øystre Slidre kommune.

Kommuneplanens arealdel følgjer og dei nasjonale forventningane og retningslinene for planlegging på ein god måte. Retningslinene krev berekraftig utvikling, universell utforming og omsyn til klima og energi. Vidare legg planen til rette for trygge oppvekstvilkår og offentlege uterom, og styrkjer samordna bustad-, areal- og transportplanlegging ved å utvikle Heggenes og Beitostølen som sentrale knutepunkt med gode gang- og kollektivløysingar. Samla sett er planomtalen i tråd med statlege føringar og FN sine berekraftsmål, og gir langsiktige rammer for ei berekraftig utvikling av Øystre Slidre kommune.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Kommunedirektøren viste til referat frå møtet om Mellsenn som vasskjelde og orienterte om møtet med Mattilsynet 27.11. Med bakgrunn i møtet med Mattilsynet vil kommunedirektøren tilrå følgjande endringar av føresegnar og retningslinjer, punkt 10.1:

For sone 1 gjeld også følgjande restriksjonar og retningslinjer

1. Uteføring eller annan organisert samling av dyr i utmark, med mindre dette er godkjent særskilt. **Ordinær beiting skal kunne halde fram.**
2. Nydyrking **skal godkjennast av kommune.**

3. Lagring av gjødsel, kompost og barkfyllingar, med mindre dette er godkjent særskilt
4. Lagring og bruk av plantevernmiddel i fareklasse «Tx- meget giftig», «T-giftig» og «Xnhelseskadeleg». Det kan bli gjort unntak for lagring og bruk av slike produkt til landbruksverksemd, men aldri nærare vatn og tilløp enn 50 meter.
5. Bruk av kloakkslam. Gjødsling elles skal skje i samsvar med gjødselplan.
6. Fast gapahuk, badestamp og liknande installasjonar
7. Masseutskifting nærare vatn og tilløp enn 50 meter. **Eksisterande vegnett skal kunne haldast ved like.**
8. Organisering av fritidsaktivitetar, leirslagning, stemner eller liknande med mindre dette er godkjent særskilt
9. Deponi av gjenstandar, avfall, slam eller liknande
10. Bruk av olje- eller oljeprodukt av slikt om fang at stoffa kan gje fare for forureining.
11. Transport av jord eller andre massar inn i området **må godkjennast av kommunen.**

For Sone 0 gjeld også følgjande restriksjonar:

1. Bruk av motordrive (forbrenningsmotor) køyretøy i/på vatnet er ikkje tillate utan særskilt løyve frå kommunen
2. **Tilrettelegging av badeplassar**
3. Leirslagning (inkl. bobil/campingvogn) nærare enn 10 meter frå vatnet.

Formannskapet slutta seg til endringane.

Kommunedirektøren viste til notat formannskapet dagsett 26.11.25 om mindre endringar i føresegnene. Formannskapet slutta seg til desse endringane.

Bente Oxhovd (H) la fram forslag om at sentrumsområdet på Beitostølen vert utvida i samsvar med høringsdokumentet ved 2. gongs høyring av arealplanen.

Forslaget fekk 2 røyster (H, Sp) og fall.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FS- 55/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek arealdelen av kommuneplanen 2025-2037 med tilhøyrande plankart, føresegner og retningslinjer. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova §11-15. Planen vert kunngjort, og trer i kraft frå kunngjeringsdato.

Kommunestyret 26.03.2026:

Behandling:

Kommunedirektøren refererte til skriv frå Tord D. Rogne og Jan Erik Hansen dagsett 24. mars 2026.

Kommunedirektøren viste til følgjande rettingar i dokumentet Føresegner og retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen:

Punkt 1:

~~Desse områda er synt som kvite areal, kalla detaljeringssoner, i plankartet utan underliggende arealføremål.~~ Desse områda er synt med hovudføremål i reguleringsplanen i plankartet.

Ny ordlyd i punkt 2.3.1.f:

Ved dispensasjon frå plankravet eller ved fortetting i samsvar med punkt c og d, vil deltaking i fellesgodefinansiering bli søkt sikra på lik linje med utbyggingar som er heimla i reguleringsplan/utbyggingsavtale, jf. punkt 4.1.1 i føresegnene.

Kathrin Aslaksby la fram forslag om å utsetja saka, og at det vert kalla inn til nytt kommunestyremøte for å handsame saka.

One Enerud bad om gruppemøte

Utsettingsforslaget fekk 9 røyster (Sv, H, V) og fall.

One Enerud la fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å ta ut alle nye område avsette til fritidsutbygging knytte til Nedrefoss RA. Alle allereie regulerte fritidsbustader knytte til Nedrefoss RA kan ikkje realiserast før det er rensekapasitet, og det ikkje medfører forverring av resipienttilstanden.

Kommunestyret vedtek vidare å ta ut alle nye, ikkje-regulerte område avsette til fritidsutbygging knytte til Beito RA.

Kommunestyret legg til grunn at områder kan vurderast ved komande rullering av arealdelen, når kommunen har dokumentert tilfredsstillande kontroll over avløpssituasjonen og kan sannsynleggjere at ytterlegare utbygging ikkje vil medføre forverring av resipienttilstanden.

Forslaget fekk 5 røyster (Sv, V) og fall.

Bjarne Budal la fram forslag om at sentrumssona på Beitostølen vert utvida i samsvar med 2. gongs høyring.

Forslaget fekk 15 røyster (Ap, Sp, H) og vart vedteke.

Tor Oxhøvd la fram følgjande framlegg til endring av føreseger/retningslinjer:
punkt 1.9:

Nedbygging av myr som inneber frigjeving av karbonlageret i myra eller tap av viktige naturtypar **skal så langt som mulig unngås** og

Forslaget fekk 7 røyste (H, Sp) og fall.

1.2 b) Restriksjoner langs vassdrag

c) byggegrense for andre vatn og tjern større enn 5000 m², 50 meter.

d) byggegrense for vatn og tjern mindre enn 5000 m² og mindre elver er 30 meter.

Forslaget fekk 8 røyster (H, Sp) og fall.

Føresegner 1.12

Ved utarbeiding av reguleringsplan for utbygging til næringsføremål, offentleg føremål og ved planlegging av utbygging av **fleire enn 5 eller meir enn 600 m²** bu- og fritidseiningar, skal det gjerast greie for val av materialar og tekniske løysingar, med tilhøyrande energi- og klimagassbudsjett. Utgreiinga skal vise på kva måte utbygginga bidreg til målsetninga om eit meir klimanøytralt samfunn.

Forslaget fekk 15 røyster (H, Ap, Sp) og vart vedteke.

Bjarne Budal bad om få samle formannskapet som valnemnd for å drøfte samansetting av forhandlingsutvalet.

Formannskapet trakk tilrådinga i saka og fremma følgjande tilråding:

1. *Kommunestyret sluttar seg til arealdelen av kommuneplanen 2026-2038 med tilhøyrande plankart, føresegner og retningslinjer slik dette er tilrådd frå formannskapet og med dei endringane som vart vedteke i møtet.*
2. *Kommunestyret viser til brev frå Statsforvaltaren dagsett 21. mars og kan ikkje akseptere Statsforvaltaren sitt framlegg til løysing av motsegna om resipientkapasitet ved å redusere omfanget av fritidsbustader i planen.*
3. *Kommunestyret set ned følgjande forhandlingsutval for meklings med Statsforvaltaren: Bjarne Budal, Odd Erik Holden, One Enerud og Tor Oxhøvd.*

4. *Forhandlingsutvalet skal legge brev frå kommunen til Statsforvaltaren dagsett 6. feb. 2026 til grunn for meklinga. Forhandlingsutvalet skal søke å oppnå semje med Statsforvaltaren gjennom endringar i føresegner og planomtale, og ikkje gjennom endringar i plankartet.*

Torje Kolbu bad om å få ein protokolltilførsel.

One Enerud bad om gruppemøte.

One Enerud trakk protokolltilførselen og bad om punktvis avstemming.

Avrøystinga gav følgjande resultat:

1. Kommunestyret sluttar seg til arealdelen av kommuneplanen 2026-2038 med tilhøyrande plankart, føresegner og retningslinjer slik dette er tilrådd frå formannskapet og med dei endringane som vart vedteke i møtet. .

Forslaget fekk 11 røyster (Ap, Sp) og vart vedteke.

2. Kommunestyret viser til brev frå Statsforvaltaren dagsett 21. mars og kan ikkje akseptere Statsforvaltaren sitt framlegg til løysing av motsegna om resipientkapasitet ved å redusere omfanget av fritidsbustader i planen.

Forslaget fekk 15 røyster (Ap, H, Sp) og vart vedteke.

3. Kommunestyret set ned følgjande forhandlingsutval for meklinga med Statsforvaltaren:

Bjarne Budal, Odd Erik Holden, One Enerud og Tor Oxhøvd.

Samrøystes vedteke.

4. Forhandlingsutvalet skal legge brev frå kommunen til Statsforvaltaren dagsett 6. feb. 2026 til grunn for meklinga. Forhandlingsutvalet skal søke å oppnå semje med Statsforvaltaren gjennom endringar i føresegner og planomtale, og ikkje gjennom endringar i plankartet. Samrøystes vedteke.

KS- 23/26 Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til arealdelen av kommuneplanen 2026-2038 med tilhøyrande plankart, føresegner og retningslinjer slik dette er tilrådd frå formannskapet og med dei endringane som vart vedteke i møtet.
2. Kommunestyret viser til brev frå Statsforvaltaren dagsett 21. mars og kan ikkje akseptere Statsforvaltaren sitt framlegg til løysing av motsegna om resipientkapasitet ved å redusere omfanget av fritidsbustader i planen.
3. Kommunestyret set ned følgjande forhandlingsutval for meklinga med Statsforvaltaren: Bjarne Budal, Odd Erik Holden, One Enerud og Tor Oxhøvd.
4. Forhandlingsutvalet skal legge brev frå kommunen til Statsforvaltaren dagsett 6. feb. 2026 til grunn for meklinga. Forhandlingsutvalet skal søke å oppnå semje med Statsforvaltaren gjennom endringar i føresegner og planomtale, og ikkje gjennom endringar i plankartet.